



STILLE STUNDER

FOR HEIMEN OG SKULEN OG KYRKJA

NR. 6

DESEMBER 2023

134. ÅRG.

Julegrana på Sjøholt - eit siste farvel

Foto: Gabriela Aas Vestre (19.10.23).



Vegen til Betlehem

Juleandakt av sokneprest Ådne Skiftun



«Glade jul» syng vi og tenner våre juletre og opnar våre pakkjar. Men kjernen bakom er noko sterkt og godt som ikkje kan kjøpast eller seljast for pengar.

«Det auge ikkje såg, det øyre ikkje hørde, det som ikkje kom opp i noko menneskehjarte, alt det Gud har gjort ferdig for dei som elsker han» (1. Kor 2,9) – det er julefesten slik Gud har laga det til!

Noko uhøyr, noko utenkt, noko ufatteleg stort – «og det skjedde». Då eit lite gutebarn vart fødd i Betlehem. Det skjedde. Det skjedde ein gong for alle tider og folk.

Ein frelsar er fødd

Skaparen, den usynlege kraft og vilje som skaper og held oppe overalt – trer oss her synleg i møte. For å koma oss nær. For å gå i våre sko og møte freistingar og farar – liksom oss. Og for oss å ta den store kampen mot alt mørke og det vonde, med vår skuld og lagnad på sin rygg. **Jesus** er hans namn. Det namn som tyder: «Gud frelser».

Den djupe bakgrunnen i juleevangeliet er ein uutgrunneleg kjærleik som kjem oss i møte.

«I dette vart Guds kjærleik openberra mellom oss, at han sende sin einborne Son til verda så vi skulle ha liv ved han.» (1. Joh 4,9).

La oss dra til Betlehem

La oss dra til Betlehem ved jul – der tid og æve møtest! La oss dra dit i tanken – det er mogleg det! Å gå til kyrkje kan her vere ei hjelp, og å gå inn i einerom og opne Bibelen, bli stille i bøn. Syng dei gode julesongane. Dele glede. Gi!

La julefeiringa få eit **sentrum** – i Betlehem og det som skjedde der, og la det få gjennomstrøyme og nyskape. Slik Jakob Sande i ei salme skreiv, er Betlehem staden for glede og håp også nå:

*Der låg han med høy til pute
og grét på si ringe seng,
men englane song der ute
på Betlehems aude eng.*

*Der song dei for første gongen
ved natt over Davids by
den evige himmelsongen
som alltid er ung og ny.*

*Den songen som alltid tonar
med jubel kvar julenatt
om barnet, Guds Son, vår sonar,
som døden for evig batt.*

På notatblokka

Kryssordløysing frå sist

Hausten er komen Høyr stormane gny Fuglane flyg imot Syden på ny.

Neste nummer

skal etter planen koma ut i veke 6 (05.- 11. februar). Stoff må vera red. i hende seinast 15. januar.

Gledeleg jul

og eit godt nytt år vil me så få ynskja alle lesarar og elles medarbeidarar av bladet vårt! Ei særleg helsing til dei nye som i haust er komne til.



Jon Fosse – og ei tåre

Av Knut O. Dale

Jon Fosse fekk i år Nobelprisen i litteratur som den fyrste norske forfattaren på 95 år. Stille Stunder vil vera med i rekkja av gratulantar.

Jon Fosse gjekk på gymnaset i Øystese. I jubileumsboka til Øystese statsrealskule og gymnas som kom ut i 1999, skreiv Jon Fosse ein tekst om gymnastida. Der trekkjer han fram lærarar som var viktige for han i desse åra, og nemner særleg Oskar Vestrheim. Han seier mellom anna dette:

Eg kunne nok lett ha blitt ein av dei som fall ut og forsvann bort frå skulen, det var fleire gonger nære på. Når så ikkje skjedde har eg nok eit par gode lærarar å takke.

Også Haakon Svarstad var ein av desse lærarane. Jon Fosse skriv:

Og dermed må også ein annan lærar nemnast, Håkon Svarstad, som var den som underviste meg og dei andre i min klasse i norsk språk og litteratur dei tre åra i Øystese. Og endå eg meinte det motsette av



Svarstad om så å seie alt i dei åra (at eg er langt meir samd med han no enn då er ei heilt anna historie), så tok og Svarstad på ein fin måte vare på meg og sjølv om han på ingen måte kan klandrast for mine seinare skriftstykke, er eg nok overtydd om at han formidla til meg ein slag, ikkje berre finsleg, men rett sagt estetisk måte å nærma seg nynorsken og litteraturen på, han kunne utstråle spontan glede, ja nesten lykke, over ei rytmisk perfekt setning som uventa dukka opp i ein elevstil eller han kunne la ei ærleg og

oppløfta glede over skrivekunsten i ei perfekt Kielland-novelle skine igjen. - Det var med på å opne nye nivå for meg, både i språk og litteratur.

Haakon Svarstad døydd i 1998, men før han døydd, og før boka om skulen i Øystese kom ut, viste redaktøren av jubileumsboka, Olav Aksnes, han Fosse-teksten. Då, fortalde Olav Aksnes meg, rann det ei tåre nedetter kinnet til Haakon Svarstad.

Ein eller fleire lærarar kan gjera ein skilnad for eit ungt menneske. Slik var det for Jon Fosse, og slik var det for meg. Eg gjekk også i Øystese. Svarstad var kristendoms- og historielæraren min siste året på gymnaset. Og Oskar Vestrheim var norskklæraren min alle gymnasåra. Hadde det ikkje vore for Oskar Vestrheim og Haakon Svarstad, favorittlærarane til Jon Fosse, hadde eg nok ikkje enda opp som norsk- og religionslærer i den vidaregåande skulen i nærare 40 år.

På nytt: Til lukke med prisen, Jon Fosse!

STILLE STUNDER



Stille Stunder
kjem ut 6 gonger i året.
Bladet kan tingast hjå
Stille Stunder,
ved Rolf-Atle Rolfsnes,
Bakken 2, 5419 Fitjar.
Tlf.: 915 13 024.
E-post: post@stille-stunder.com
Nettside: www.stille-stunder.com
Bladet kostar kr 200,- pr år
Bankgiro 7877 05 64653

Bladstyret: Adjunkt Knut O. Dale, leiar
Lærer Borghild Melve, Prest/
statsstip Nils-Aksel Mjøs,
Lektor Torill Markussen Ringheim,
Sokneprest Ådne Skiftun.
Redaktør: Ivar Molde,
Vangsgt. 22C, 5700 Voss
Tlf.: 993 53 145
E-post: ivarmolde@hotmail.com
Forretningsfører: Rolf-Atle Rolfsnes
Utgjevar: Foreninga Stille Stunder
Trykk: Sunnhordland, Stord.

Thomas von Westen (del 3) – om presteforeininga «Sjustjerna»

Av Gudmund Furu

Von Westen såg snart kor viktig det var å få orden i kyrkjelyden. Andre prestar tok og til å «stramma taumane». Difor gjekk von Westen saman med seks andre prestar og skipa eit selskap som skulle fremja kristendomen, ikkje berre i Romsdal, men i heile landet. Han vart sjølv leiar og skrivar, skipinga var truleg like før 1714. Prestane var, i den rekkefølga dei alltid skreiv seg sjølve:

- 1 Hr Hans Juel, prost på Nordmøre og sogneprest på Tingvoll.
- 2 Hr Amund Barhow, sogneprest i Kvernes på Nordmøre
- 3 Hr Thomas von Westen
- 4 Hr Nicolaus Engelhart, pastor residens i Nesset i Romsdal
- 5 Hr Peder Strøm, kapellan i Bud (far til Voldapresten Hans Strøm)
- 6 Hr Mentzer Ascanius, sogneprest i Aure på Nordmøre
- 7 Hr Eiler Hagerup, kapellan i Kvernes, seinare sogneprest i Kallundborg på Sjælland

Foreininga skulda prestane og bispane for at folk ikkje heldt god kyrkjeskikk. Dei klaga til biskop Krog, men han såg ikkje ut til å ta noka skuld innover seg. Dei meinte at no var det ikkje nok å berre høyra Guds ord og gjerne læra det, no skulle ein også leva etter det! Men seinare skriv gjekk



direkte til kongen, då bispen sine råd var vage.

Kong Christians 5.s lov skulle handhevast konsekvent. Von Westen var ein slave under lova. Slik lensmennene handheva lova, skulle og kyrkja gjera det. Sjustjerna ville at det skulle opprettast ein kyrkjerett sett saman av prestar og dei best skikka menn i kyrkjelyden. I desse breva møter me for første gong tankar om ein konfirmasjon.

Brev til kongen

På eit møte på Kvernes i april 1714 forfatta dei eit brev til kong Fredrik 4. om korleis det stod til i mange kyrkjelydar. Tolde han å

høyra sanninga? Dei var redde for reaksjonen. Men det kom ingen reaksjon. Meir utførleg skreiv dei seinare at ein prest skulle «ikkje berre vera lærar og predikant, men og hyrde og Guds hushaldar.» Men no møtte dei motbør. Folk skulda dei for at alt dette var noko dei hadde funne på sjølve. Andre kyrkjelydar slapp all denne tvangen. Sjustjerna meinte at kongen måtte innføra same kyrkjetukt for alle: «praxis universalis».

I lova stod det at presten ikkje skulle gje nattverden til gamle og unge, fordi dei kunne ikkje lesa og forstå kva nattverden var. Men dei slapp fram likevel. Prestane

tok ikkje lovnader om betring av syndarane, desse fekk syndene sine tilgjevne 2 – 3 gonger i året likevel. Nattverden vart gjeven til store flokkar i all hast, og landsstrykarar fekk skrifta der dei ville.

Vidare i same brevet heiter det at årsakene til dette er pengegriske prestar og slappe lensmenn, og at folk manglar opplysning. Til slutt kjem dei med forslag om korleis ein skal retta opp att det nedfalne. Og så må kongen koma med konkret forbod om kva bøker som ikkje bør lesast! Til slutt understreka dei kor viktig det var å få til ein kyrkjerett.

Eit nytt klageskriv

Om lag ein månad seinare fekk dei svar frå tre professorar som hadde fått i oppdrag frå kongen å undersøka tilhøva. Sjustjerna samlast no i Nesset og forfatta eit nytt skriv i 18 punkt. Her er råd om fornying av kristendommen, dåpspakt, straff for synder, oppseding av born, opplæring av lærarar og klokkarar, meir kontakt mellom kyrkje og heim, kyrkje-disiplin m.m.

Elles skriv dei om kor dårleg folk oppfører seg i kyrka, vanhelgar ekteskapet og at dei manglar bibelkunnskap. Folk lurer kvarandre i handel, lyg på vekta og falsknar varene sine. Mot sjukdom brukar dei Svarteboka. Elles ivrar dei for at klokkarane må lønast for at dei skal driva opplæring.

Då dei hadde sendt dette siste brevet, foreslo von Westen

å senda den unge kapellan Hagerup til København som Sjustjerna sin utsending. Saman skulle dei betala for reisa.

Von Westen var ein lovens mann og tolde ikkje at nokon braut lova. Professorane meinte at det som kom frå Sjustjerna eigentleg berre var brot på lova av 1687. Hagerup var ivrig så lenge han var saman med dei andre, no var han langt vekk, så då minka gnisten. Men ein kyrkjerett kan kanskje koma, om kongen vil.

Kongen bad prestane konkretisera desse planane. Dei fekk elles vita at planane var godt mottekne, og dei sende takkebrev til kongen datert Nesset 24. mai 1715. Dronninga, som likte Hagerup godt, sende takkebrev til Sjustjerna for arbeidet deira. Dette sette ny kveik i alle.

Opplysningsarbeidet

Arbeidet for å betra tilhøva var ikkje like populært hjå alle. Folk gav prestane skulda for dårleg fiske og uår i jordbruket. Men skuldingane hadde liten verknad, Sjustjerna samlast som før og gav kvarandre styrke. Engelhart var revisor på desse møta. Han arbeidde no med å laga forklaring til Luthers katekisme. Denne kom diverre ikkje i trykken fordi Misjonskollegiet i København nekta. Men Sjustjerna kjøpte mange Biblar, salmebøker og andre bøker som dei gav til folket.

Presteforeininga fekk ikkje den heilt store slagkrafta utover. Grunnen kan vera at autoritetane

i København stilte seg noko tvilande. Den pengegriske biskop Krog i Trondheim var eit hinder, men den viktigaste årsaka var nok at leiaren, von Westen, reiste til Finnmark, og dermed løyste foreininga seg opp.

Ein evnerik mann – men med sine feil

Von Westen var svært evnerik. Ein tek ikkje for sterkt i når ein seier at han er den presten i Veøy som har hatt dei beste evnene og den beste vitskapelege utdanninga. Han var ein god talar, han var svært ivrig i gjerninga si og hadde ei sjeldan evne til å ofra seg for kyrkjelyden. Men presteembetet i Veøy var ikkje rette arbeidsplassen for han. Han måtte vera misjonær, det var misjonen som låg hjartet hans nærast.

Men også denne mannen hadde sine feil. Han hadde stor lyst til å herska over andre. Han tolde ikkje å høyra andre sine meiningar, eller at nokon sa han imot. Som menneskekjenningar var han ikkje god, han meinte at dei som ikkje brydde seg om han, brydde seg heller ikkje om Kristus. Dei som såg ut til å vera samde med han, trudde han godt om. Han var ein dårleg økonom og ein dårleg administrator. Men trass alt dette var han eit levande ljøs.

I 1716 slutta han som prest i Veøy og ofra seg heilt for misjonen i Finnmark.

Under dette arbeidet døyddes han i 1727, 45 år gamal.

Skatten

Av Grete Svendsen



Ill.: Colourbox.com

Ordet «skatt» fører vel tankane lett til økonomi og utbetaling, ikkje minst i førjulstida. Det hender eg streifar borti skattar av eit anna slag og frå ei heilt anna tid. T.d. kan ein lesa i GT (Jesaja 39) om ein gong babylonarkongen vitja Judakongen Hiskia, som raust viste han skattkammera sine: sølvet og gullet, parfymen og den finaste oljen. Det var ikkje ein ting i heile slottet og riket som Hiskia ikkje synte dei, står det. Eg får assosiasjonar til 1001 natt! Orientalske skattkammer og slott var ikke nett noko pusleri!

Tankane går og til ein gong for nokre år sidan då eg hadde

kjensle av å bli lukka inn i eit skattkammer. Det var då Nasjonalmuseet i 2010 hadde utstillinga «Sakrale skatter». Den romma ikonar, liturgiske klede og gjenstandar heilt attende til 1300-talet. Desse var utlånte frå musea og kapella i Krem! Oj, oj! For ein rikdom, handverkskunst og venleik! I ortodoks teologi legg ein vekt på å formidla det immaterielle gjennom det materielle,- å gje del i det himmelske gjennom dyrebare uttrykk og materiale.

Frå dette går tankane vidare til nokre julesongstrofer. Eg tenker på dette velkjende Brorsonverset:

*«Mitt hjerte alltid vanker i Jesu føderom.
Der samles mine tanker som i sin hovedsum.
Der er min lengsel hjemme, **der har min tro sin skatt.**
Jeg kan deg aldri glemme, velsignet julenatt»*

Ei anna strofe er nyare, - skreven av Erik Hillestad og gjort kjend av Carola Häggkvist i songen: «Himlen i min famn». Her er det Maria som spør: «Är det jordens dolda skatt jag får skydda denna natt? Är det själva himlen som jag gungar i min famn?»

I begge songane handlar det om noko langt meir en ein vanleg, nusseleg baby-skatt. Det handlar om sjølve den skatten ikona frå Krem! ville framstille. Men det er ein «dold» skatt. Det er ikkje sjølvstundt at ein ser han,- at det faktisk lyser og tindrar av Jesus. Han vart eit fattig barn i små kår. Men vi les at han var «full av nåde og sanning» (Joh 1.14) og at det handlar om «han som alle skattar av visdom og kunnskap er løynde i». (Kol 2.3) Herlegdomen hans har brennpunktet sitt i noko som tykkjest vera rake motsetnaden: fornedringa på krossen! Der er sanninga om oss og om Gud samla; der spring nåden fram. Men løynd er den skatten. Det vart ei rik jul om Gud fekk opne auga våre så vi fekk sjå korleis denne skatten tindrar!

«Ein høyrer det på målet»

Preike ved dialektgudsteneste i Strandebarm 17.09.23, tekst: Mark 7,31-37

Av prest Roar Strømme

«Dialekten røper deg!». Slik står det i bokmåls-bibelen. På nynorsk er det blitt «det kan ein høyre på målet ditt». Men om ordvalet er litt ulikt er saka den same, og den var dramatisk. Jesus var tatt til fange. Læresveinane hadde rømt, men Peter hadde snike seg anonymt inn i borggarden for å følgje rettssaka mot Jesus. Der vert han gjenkjend, men nektar, ja, bannar på at han ikkje kjenner Jesus. Då er det dei seier: «Jau visst er du ein av dei. Det høyrer ein på målet ditt.» Dialekten røpa han. Ikkje fordi han tala noko slags religiøs dialekt. Men fordi han, til liks med Jesus og dei andre læresveinane, var galilear, og det høyrde ein på målet. Dei tala beint fram galilear-dialekt.

Inn i den lokale kulturen

Det kan høyrest ut som eit billeg poeng på ei gudsteneste under dialektfestivalen. Men det seier noko grunnleggjande om ikkje berre målet sin karakter, men om den kristne trua sin karakter. Då «Ordet vart kjøtt», som det står, då Gud vart menneske i Kristus, så skjedde det så grundig at han gjekk ikkje berre inn i tid og rom, men jamvel inn i ein lokal kultur, ja, faktisk inn i den stadeigne dialekten.

Og den kulturen og den dialekten Jesus gjekk inn i, var altså galileisk. Det gav ikkje mykje status, - tvert om. Galilearane var jo ein slags jødiske strilar eller hardingar, som var godt i utkanten av den politiske, kulturelle og religiøse makta i Judea og Jerusalem. Så ville dei opp og fram var det svært freistande å legge om målet når dei var hos fin-folket. Slik det var for oss rundt Bergen når vi kom til byen og skulle møte oss med byfolket. Men både Jesus og læresveinane gav ikkje opp sin galileiske identitet og tala målet, sjølv om det kunne gå på livet laus, slik det faktisk gjorde for Peter. Så veit vi korleis det gjekk med både Jesus og Peter. Jesus vart avretta, medan Peter kom seg unna. Men etter oppstoda får læresveinane dette englebodet: «Han skal gå føre dykk til Galilea, der skal de få sjå han.» Igjen vart dei altså sende til sine heimlege trakter og sin eigen kultur for å møte Jesus. Ja, for å leve i trua på den oppstadne der.

Slik vart den kristne trua frå Jesu kome til Jesu oppstode røtt i den lokale kulturen og målet, ja, jamvel dialekten. Det har ho vore sidan. Slik har evangeliet vorte forkynt på folkemålet frå

pinsedag, då menneske av ulike folkeslag og språk fekk høyre evangeliet på sitt eige mål.

Gresk, arameisk – og del i eit fellesskap

Rett nok skreiv evangelistane evangeliet på gresk, og ikkje på talemålet arameisk, for å nå heile den gresktalande verda. Gresk var jo den gongen om lag som engelsk er i dag. Men midt i den greske teksten ser vi at når dei fortel om noko som har gjort særleg inntrykk på dei, ja, då brukar dei arameiske ord og uttrykk, slik dei kom frå Jesu munn. Eit sterkt døme på det er nett evangelieteksten i dag. Der høyrde vi midt i forteljinga på norsk at det Jesus sa til den døde, vart attgjeve på arameisk: «Effata!». Det er: «Lat deg opp!». Når dette hadde brent seg så fast i minnet at dei attgjev det på originalmålet, så handla nok det ikkje berre om at det var eit oppsiktsvekkjande under, men at det handla om å høyre og å tale, altså om ordet. Ordet er jo sjølve kjelda til både jødisk og kristen kultur. «I opphavet var Ordet» som det heiter i opninga av Johannesevangeliet. Ved Ordet skapte Gud verda, i Kristus kom Ordet til oss, og ved Ordet kjem vi til tru og vert kveikte til

teneste. At denne mannen gjennom Jesu under fekk møte Ordet, tydde såleis at han fekk del i fellesskapet, ikkje berre sosialt, men også religiøst. Jesu under er jo ikkje kristelege sirkusnummer, men opning av fellesskapet med Gud og menneske. Ja, at dei som grunna si funksjonshemming eller sjukdom var hamna utanfor, vart tekne inn i kyrkje og samfunn.

Det tyder ikkje at dei som er døve står utanfor det kristne fellesskapet. Gud vere takk så er ikkje døve lenger avhengige av eit under for å kunne kommunisere med ord. Ikkje minst har teiknspråket tydd ein revolusjon i det stykket. Og i dag er døvekyrkja ein eigen og høgst oppegående del av Den norske kyrkja, med eigne kyrkjebygg, sokn og døveprestar, i tillegg til at dei tek del i storfellesskapet.

Bibel og skriftspråk

Slik har dei fått del i Ordet på sitt eige mål, til liks med eit utal språkgrupper over heile verda. Frå den fyrste tida har det jo heile vegen gått føre seg eit omfattande omsetjingsarbeid, slik at menneske skulle få høyre og tale Ordet på sitt eige mål. Ikkje sjeldan har dette tydd at ein måtte skape eit eige skriftmål. Slik har bibelutgåver og salmebøker på morsmålet hatt svært mykje å seie for å skape ein trygg identitet og ei i positiv forstand stoltheit over det som ein har med seg heimanfrå. Det Norske



Strandebarm kyrkje.

Misjonsselskap (NMS), som vi i dag skal gje takkofferet vårt til, har vore ein viktig bidragsytar til det. Eg har sjølv sett korleis undertrykte folkegrupper i Etiopia har fått ein trygg og stolt identitet, ikkje minst gjennom NMS og anna kyrkjeleg arbeid, som har gjeve dei Bibelen på deira eige mål og slik også utvikla skriftspråket deira.

På folkemålet: Frå Luther til Blix

I den lutherske kyrkjefamilien har vi ikkje minst mykje å takke Luther sjølv for i dette stykket. Luther si hjertesak var jo forkynning av evangeliet på folkemålet. Dette var kombinert med at han var eit språkleg flogvit nærast utan sidestykke. I ei mengd og med ein kvalitet som er mest uskjøneleg produserte han såleis Bibel-omsetjingar, salmar og skriftstykkje på eit tysk der han måtte nyskape ei mengd tyske

ord. Slik er han blitt kalla det tyske språket sin far.

Denne tradisjonen fekk vi også del i gjennom den dansk/norske lutherske kyrkja. Då målrørsla vaks fram i Noreg var det såleis særskilt viktig for både målfolk og kyrkjefolk å få dei sentrale, kyrkjelege tekstane på nynorsk. Ivar Aasen var sjølv med på dei fyrste omsetjingane av Bibeltekstar. Men seinare vart Elias Blix, teolog og språkforskar, den drivande krafta i dette. I Store norske leksikon kan vi såleis lese at «Den norske kyrkja er ein av dei største suksesshistoriene til målrørsla, og Elias Blix er ein vesentleg grunn til dette.» Slik var han ei drivande kraft bak at når ein var komen til 1925 hadde ein både Bibel, katekisme, salmebok og altarbok på nynorsk. Det viktigaste her var sjølv sagt Bibelen, men også salmeboka kom til å bety mykje for at menneske

Framhald neste side...

Siste farvel til julegrana på Sjøholt

I fylgje avisa Bygdebladet vart denne grana planta i 1895 av kjøpmann Flindt. Han hadde mist tre born, grana skulle stå for å minnast dei. I 1947 vart ho prydd med lys i adventstida og har i åra sidan gledd både bygdefolk og vegfarande langs Ålesundsvegen. Det har vore sagt at dette er Nord-Europas største julegran på rot. Ho har stått seg godt gjennom vinterstormar frå 1895

og fram til i dag, både Dagmar og den fælslege nyårsorkanen i 1992. Men i år er det slutt. Ein dag i haust tok eit vindkast tak i toppen og grana gav så smått etter. Etter nærare undersøkingar kom ein fram til at treet no laut fellast.

For å ta eit verdig farvel med grana som har stått heile livet til alle i denne sunnmørsbygda, tende ein lysa på ho ein siste gong, midt i oktober. Bygdefolket

møtte opp i samla flokk, korpset spelte og det vart nok felt både ei og fleire tårer. Det kom også eit TV-innslag på NRK frå denne hendinga.

Denne informasjonen er sendt oss av Øystein Vestre, busett i Oslo. Det er niesa hans, Gabriela Aas Vestre, som har teke biletet du ser på framsida av bladet. Foto er datert 19.10.23.

IMO.

Framhald frå forrige side...

fekk ta imot og uttrykkje trua si på sitt eige talemål.

Diktarpresten Hovden i det heimlege

I det storarbeidet som Peter Hognestad, Anders Hovden og Bernt Støylen la ned i Nynorsk Salmebok, ser vi at dei også prøver å nytte norsk natur og kultur i det poetiske uttrykket. Det gjeld ikkje minst diktarpresten Anders Hovden. Hovden var ein meister til å spele på det heimlege både i salmar og preiker, slik at folk kjende seg att i det som vart formidla. Nokre gongar glapp nok dette litt, som ein gong han preika ved gudstenesta i min barndoms kyrkje i Sykkylven. Hovden visste at mange i kyrkja var fiskarbønder, og slo til med eit bilete frå fjordfisket: «Guds rike er å likne med eit sildesteng på Storfjorden. Gud hjelpe dei

som er utanføre!» Eg vil tru at dei fleste fiskarane tykte meir synd på den silda som var innanføre enn den som var utanføre. Men vi får tru at dei tok det i beste meining.

I alle høve har det vore til stor velsigning er at vi har fått bruke vårt eige mål i tru, tilbeding og teneste. Slik har vi verkeleg opplevd at «Ordet vart menneske, og tok bustad mellom oss», som evangelisten Johannes skreiv. Vi trur på ein Gud som har stige inn i vår verd gjennom Jesus Kristus. Som vart heilt og fullt menneske, også ved å tale som oss, slik at han kunne ta del i det som er vårt, og vi kunne få del i det som er hans.

Med vårt eige – i Guds store rom
Difor er vi her i Strandebarm kyrkje, der det er mykje himmel og mykje jord. Her får vi bruke

vårt eige mål og vår eigen kultur. Men her vert også alt dette løfta inn i ein større samanheng. Ikkje berre i den verdsvide kyrkja som vi deler vår tru og vedkjenning med, og slik femner om alle dialektar og talemål, ja, nasjonar og kulturar. Men i alt dette er vi i Guds store rom. Der det som ikkje er kome opp i nokon menneskeleg tanke kjem til oss: Ordet om Guds nåde i Kristus, som opnar fellesskapet med Gud og menneske for oss. Gud til ære og oss til gagn.

Roar Strømme har lang fartstid som prest i Bjørgvin bispedøme: i Indre Sogn, Midhordland og no i Hardanger. Her med ei preike i haust frå dialektfestivalen i Strandebarm (som dessutan er staden der Jon Fosse vaks opp). Nokre mellomtitlar er sette til. - red.

Ei julenatt

Tekst og mel.: Rolf Hindhammer

Ei ju - le - natt, ei ju - le - natt vart all ting
klårt å sjå. Ei ju - le - natt, ei ju - le -
natt var ve - gen lett å gå. Ei ju - le - natt med
stjer - na stor, lys på him - len strødd! Hyr - dar
gjekk til Bet - le - hem, Bar - net der var fødd!

Ei julenatt, ei julenatt med lys i verda trong.
Ei julenatt, ei julenatt, det hende slik ein gong.
Og englar song i glede stor klårt ved Davids Stad:
"Han er komen her til jord! Syng Halleluja!"

Ei julenatt, ei julenatt til staden fleire gjekk.
Ei julenatt, ei julenatt, da Jesus sjå dei fekk.
Der Maria fødde i ein stall, trongt om plassen var.
Barnet frelsar skulle bli, son av himlens Far.

Ei julenatt, ei julenatt vart lyset tent for deg.
Ei julenatt, ei julenatt vi ser din opne veg.
Ei julenatt i Betlehem, ordet lyser enn!
Viser veg til himmelrik, der ein morgon renn!

Bok: Svithunsvake i Stavanger

Stavanger skal etter planen feira 900-årsjubileum i 2025, dette ut frå opprettinga av Stavanger bispedøme i 1125. Då vart den engelske St. Svithun denne byen sin vernehelgen. Byen si domkyrkje har også vore kalla for St. Svithunskatedralen. St. Svithun-namnet er elles mykje i bruk i byen. Der er såleis både ei (katolsk) kyrkje, to skular, ein barnehage, ein plass, eit hotell og fleire verksemder. Det har vistnok vore både sykkel og barnevogn med Svithun-namnet.


Men ikkje alle kjenner historia og legendematerialet som ligg til grunn. **Asbjørg Skretting Vaaland** gav difor i fjor ut ei lita bok: Svithunsvake i Stavanger. Lita, men interessant. Boka er illustrert av Ståle Ådland, utgjeven på Mosaikk Forlag. Pedagogisk er ho tenkt og skriven slik at vaksne og born her saman kan leva seg inn i helgensoga, få eit inntrykk av korleis ei slik kyrkjefeiring kan ha gått føre seg i Stavanger tidleg på 1500-talet. Før reformasjonen, må vita.

I boka møter me borna Bergitta og Andreas og to kannikar (korbrør) i domkyrkja, Jon og Pål. Det er Svithunsvaka eller

Syftesok, 2. juli. Enkelt og greitt vert det innleiingsvis fortalt om kyrkjeordning, tidebøner, gjort greie for ord som helgen, relikviar med meir. Forteljinga er vidare bygd opp som ein samtale mellom desse prestane, borna og dei vaksne som er rundt dei. Det er den yngre Jon som mest fortel, entusiastisk og ivrig. Den eldre Pål er også med. For han går livet i ein rolegare puls.

I samtalen vert det fortalt om banda som knyter Stavanger til England, særleg til byen Winchester. Her var denne Svithun biskop på midten av 800-talet. Som for Heilag-Olav er det også for Svithun fortalt om mirakuløse hendingar etter hans død. Men enn meir: at han i levande live skal ha vore ein god biskop, ein hjelpar for menneske i naud. Hugs at dette var også tida for skandinaviske vikingar sine herjingar.

Det var den norske kong Sigurd Jorsalfare på 1100-talet som fastsette at Stavanger skulle få biskop og katedral. Han bad om hjelparar frå Winchester, der han visste dei hadde flinke folk til arbeid med kyrkjebygg. Og dei kom. Kyrkja i Stavanger vart



vigd til St. Svithun. Og ein munk som kom derifrå, vart den fyrste biskopen. Reinald heitte han.

Så vidt eg kan skjønna, må forf. her ha lukkast godt med språk og formidling – slik ho skriv, om «noko som kunne ha hendt i Stavanger-byen for om lag 500 år sidan». Må boka få lesarar! Mest i Stavanger og omland, naturleg nok.

IMo.

Julenatt på stridsam jord

Av Sigurd Haugsgjerd (1910-1986)

Tonane stig og skjelv
opp frå ei blodvætt verd,
høgt imot himmelkvelv
der freden vår er.

Frå hytter i audsleg fjell
og grender i helgstill ro
stig songen no
medan snøen fell.

Storbylarmen skal stogge. –
Klokker skal ringje kring heimen all
til ære for Han
som ikkje åtte ei vogge,
men sov i ei sauekrubbe
i dumbut stall.

Det kom alle slags folk til byen,
di fanst det 'kje annan stad
til lege åt Han.
Men himmelrømdene lyste
og vismennar veggen fann.

Mengda tek støtt i miss:
Millionar tusen-år etter
med jublande hjarto hyste
minnet om denne natt.
Og orda englane kvad,
hugsar kvart barnet att.

Djupt nedi skyttargrav
nester dei blodig hand
trøytte av kamp og kav
i Ingenmannsland.

Soldatar som nyst gav eld,
gløymer bort hat og harm.
Hugen er varm
med dei bed i kveld
bøner til Fredens fyrste.

I menneskehjarto skal denne natt
og ordet om Han
støtt få stå som det største,
og kvar gong eit stridsår svinn,
skal Han koma att.

Han har ikkje gullstav og krone,
inkje septer fortel
at Han rår på ei æveleg trone
og helsar kvar lengtande sjel.

Hardvintrar aldri sletter
vår livsvon til Drotten sæl
som helsar oss: Fred på jord
og hugnad med heimsens ætter!

Hender med blod me retter
opp frå vår frosne jord.
striden vår ser du vel,
Fredsfyrste, du er stor!

*Frå samlinga «Gjester på jorda»
(2001)*

Mot jol

Kaldt og myrkt og lite sol,
soleis er det fram mot jol.
Snø og is all jordi gøymer.
Allting ligg i lengt og drøymer.

Barnet spør kor langt det lid
enno fram til joletid.
Mor so mangt hev med å fara.
likevel ho stødt lyt svara.

Når so klokke-tonar skjelv
under høge himmelkvelv,
melder malmsterk tonebåre
største høgtidskveld i året.

Verdi fekk ein liten gjest,
difor held me barnefest.
Små og store høgt må kveda
saman om den store gleda.

Fatigt barn til verdi kom.
Barnet vende verdi om.
Under stort, ja utan like,
det er Jesus og hans rike.

Han som kom, seg sjølv oss gav,
fekk ei krubbe og ei grav.
No bør me med gledetåre
gje han rom i hjarto våre.

*Skriven av lærar Lauritz F. Hov,
Østre Gausdal straks før jol i 1912.
Meir om denne songen, tekst,
melodi og historikken elles, kan
du lesa i Terje Aarset: Den nynorske
songskatten (Fagbokforlaget
2009). Der kan du og lesa mykje
interessant om mange av dei
andre nynorsksongane våre. – red.*

Anders Hovden helsar Stille Stunder (50 år i 1939)

Er bladet alt 50 år gammalt! Kor tidi flyg fort! I fyrstningi, då bladet tok til i 80-åri, var eg mykje ilag med presten Barstad, og eg skreiv i bladet ilag med han. Presten Halvdan Møller skreiv der, han med. Ingen av oss hadde lært målet, me var berre fullproppa av allslags framande ord og gloser, det var eit heilt gruslag å kara av seg. Mange bondes-tudentar kovna under dette framande «sproggruslaget» og fekk framand tunge blant sitt eige folk, bønderne, all sin dag. Men Barstad og eg, me kara oss

då fram, so at me vart nokolunde føre til å nytta vårt lands mål. Men fullgode vart ingen av oss. Lukkelege dei som hev vakse opp med norsken i barneskulane!

«Stille Stunder» vaks fram, og vart betre og betre. Slike karar som Støylen og Hognestad kom til, og fleire med dei.

Eg veit at bladet hev gjort ei god gjerning: Opna augo hjå kristenfolket for Guds ord på norskt mål. Frå fyrst av var det mange som meinte, at det var å spotta Gud. Barstad hadde og eit sers lag til å vinna folk, han

var ein gild predikant og mykje av ein diktar. Han hev dikta gode salmar.

Eg lyt få lov å bera fram mi varmaste helsing, og ynskje god framgang i åri som kjem.

Ovanstående er sendt oss av Jan Einar Holsen, Hamar. Det var ei helsing til bladet sitt 50-årsjubileum, henta frå Stille Stunder, datert Nordstrand 7. januar 1939. Det var elles Oslo Kristelege Landsungdomslag som då var utgjevar av bladet. – red.

«Ved Jesu føter ei stille stund»

Ei songstrofe av Matias Orheim. Når Jesus kjem på vitjing i ein heim, skjer det noko viktig, og seinare til ettertanke. Marta vil stelle i stand noko godt for Meisteren. Men Maria sette seg ned ved Jesu føter og lydte på det som han hadde å koma med. Marta blir irritert på systra si. Skal ikkje ho kome og hjelpe til slik at gjesten som no er komen, får det godt og triveleg? Kanskje trøyt etter dagen? Då svara Herren: «Marta, Marta, du gjer deg strev og uro med mange

ting. Men eitt er naudsynt; Maria har valt den gode luten og den skal ikkje takast frå henne». Marta kunne ha sett seg ned ved Jesu føter, ho og. Deretter kunne dei baa ha hjelpt til med eit godt måltid.

Siste verset av Orheim-songen: «Og snart så kjem ho, den stunda kjær, då eg skal sjå honom slik han er. Då eg med Jesus i himlen er, og talar saman som aldri her».

Magnar Bødal, Stårheim.

Takksam mottakar

Dagen i dag har vore både god og vond, tankane har vore så mange. Det er fortalt om ei ung jenta som blei spurdt av ein eldre kristen om ho var frelst. Ja, sa jenta, det er eg, men eg har ikkje teke imot.

Jesus har frelst oss alle då han døydd på krossen, ikkje eit einaste menneske er utelete. Spørsmålet er om om du har teke imot? Det kan vera mange ting me menneskje angra på i livet, men aldri har nokon angra på at dei tok imot Jesus.

Helsing frå ein takksam mottakar.

Johanna Aaberge, Sogndal.

MOT SOLFALL

Tekst: Magne Grimstad
Musikk: Arnljot Grimstad
- 2023 -

$\text{♩} = 66$ *Larghetto* **p**

Mitt liv skal òg ein en - de_få og gå til jord som_ høy og_ strå når
Lær meg å_ tel - je da - gar, år, Så eg i hjar - ta_ vis - dom får, og

5 ska - pa - ren meg kal - lar. Ei til - målt tid vil ren - ne ut. Mi
veit kvar fer - da en - dar. Og når eg bort frå li - vet må, så


9 tid vil og - så ta - ke slutt når_ dag mot sol - fall hal - lar.'
lat då_ meg den vis - dom få, som liv til liv kan ven - da.

Notasjon: Arnljot, 2023

Min gode ven, Arnljot, har sendt meg ein note. Han har laga tone og arrangement til eit dikt eg har sendt han. Nå er eg 95 år, og eg tenkjer ofte på at mi levetid snart kan ta slutt. Og Arnljot skriv mellom anna: "Vi har vore gode kameratar I snart 90 år. Eg takkar for dét, og eg tittar inn i haugen av gode, felles minne."

Eg studerer noten, les teksta mi – lyttar til songen – og eg tykkjer at tonane tolkar godt orda og tankane mine.

Ulsteinvik, oktober 2023.
Magne Grimstad.



Returadresse:
STILLE STUNDER
V/Rolf-Atle Rolfsnes
Bakken 2
5419 Fitjar



Gjev meg å få kvila i deg,
framfor alt anna eg ynskjer,
og lata hjarta mitt finna fred
i deg! Du er den sanne
hjardefred, du åleine gjev kvile.

Thomas a Kempis

Trykksaker

Brosjyrer - Bøker - Blad - Aviser
forretningstrykksaker- brevpapir,
konvoluttar m.m.

- Me hjelper dykk med utforming.

prøv oss

Sunnhordland

Tel. 53 45 00 00

Sjå tusen julelys

Sjå, tusen julelys blir tent
på jord i denne stund,
og tusen andre strålar og
på djupblå himmelgrunn.

Og over by og land i kveld
den glade bodskap går,
at Herren, Jesus Krist er fødd,
den kjære frelsar vår.

Du stjerne over Betlehem,
å, lat din sæle fred
få lyse inn i kvar ein heim
og i kvart hjarte med.

Ja, i kvart hjarte armt og mørkt
send du ein stråle blid,
ein stråle av Guds kjærleiks lys
i signa juletid!

*Norsk Salmebok 2013, nr. 61.
Nynorsk tekst ved Halldis Moren Vesaas.*

NYNORSK ANTIKVIARIAT AS
www.nynorskantikvariat.no

80.000

Bøker i hyllene

Holgata 2

Inngang Hotellkleiva
4900 Tvedestrand

60.000

Bøker på nettet

www.nynorskantikvariat.no



NYNORSK
ANTI-KVIARIAT

Telefon
37 16 66 66

e-post:
tinging@nynorskantikvariat.no